



Utvandringa frå Omvikdalen, 1850 – 1976, er tittelen på boka til Magnar Hjelmeland og Lars Børge Sæberg.

Her finn vi dokumentasjon på utvandringa frå nabobygda,- om kven som reiste, kvifor dei reiste og om det nye landet.

Magnar Hjelmeland har vore lang tid samla og systematisert opplysningar om utvandringa til Amerika frå Kvinnherad.

Han har sjølv vore i fleire av dei mest aktuelle statane, teke bilete og snakka med slekter med opphavet sitt frå Kvinnherad. I boka finn vi mykje interessant uskedalsstoff, også om kjeldestoff henta frå foto- og brevsamling på Haugland og på Rød.

Emigrantar frå Omvikdalen med ektemakar frå Uskedalen er omtala i boka. Såleis finn vi Margrethe Torgeirsdotter Myklebust frå Myro, bruk 3 på Myklebust. Ho var gift med Olai Kristensen Sæberg og utvandra i 1881. Likeins kan vi lesa om Kristen Olsen Øvre Fet, gift med Anna Kjetilsdotter Hjelmeland. Dei utvandra i 1871.

Slik kan vi lesa om mange frå Uskedalen som saman med omvikdelingane reiste og slo seg ned i USA, for det meste i statane i Midtvesten.

Lars Børge Sæberg har hjelpt til med skrivning og formidling. Boka Utvandring frå Omvikdalen kan vera eit føredøme for andre bygder. Arbeidet viser veg og den frå Uskedalen som vil ta eit tak, vil truleg få starthjelp frå Magnar Hjelmeland og Lars Børge Sæberg om metoden og presentasjonsform.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Hans Ordin Østebø